

## Årsmøte i Stord Jazzklubb 5. mars 2018

# Årsmelding 2017

### Årsmøte 2017

Årsmøte i 2017 vart halde på Grand Hotell 6. mars. Styreleiar Olav Fjell ønskte velkomen og Svein Nedkvitne vart vald til møteleiar. Jonas Selås Olsen vart vald til referent.

Årsmøtet handsama vanlege årsmøtesaker. I tillegg vart det handsama vedtektsendringar i §2, §5, §7 og §8 etter oppmoding av årsmøtet i 2016. Kontingenten for 2017 vart ikkje endra.

Protokollen frå årsmøtet vart underteikna av Jonas Selås Olsen og Harald Onarheim.

### Styremøte

I løpet av 2017 har det vore 11 styremøter (12.1., 7.2., 27.2., 21.3., 3.4., 8.5., 6.6., 21.8, 2.10., 13.11., 4.12.).

Styret har hatt fokus på følgjande arbeidsoppgåver:

- Oppfylla punkta i føremålsparagrafen i klubben sine vedtekter
- Syta for ordna økonomi, herunder søkje om tilskot og sponsormidlar
- Bestemme aktivitetsnivå og konsertprogram, herunder velje ut artistar/band og finne gode prosjekt som kan gjennomførast i samarbeid med andre aktørar i distriktet og innafor dei økonomiske rammene som klubben har.
- Medlemsverving samt ajourførte medlemslister
- Marknadsføring - brei annonsering gjennom aktuelle mediekkanalar
- Teknisk gjennomføring og produksjon av konsertar, prosjekt og tiltak
- Betring av rammene rundt konsertopplevinga
- Halde god kontakt med medlemmane

### Arrangement

I løpet av 2017 har Stord Jazzklubb produsert 13 konsertar som åleinearrangør inklusiv konserten med Terje Isungset. I tillegg har klubben vore involvert i 3 konsertar som medarrangør eller sponsor.

- 28.januar: Nils Økland Trio
- 25. februar: Ole Amund Gjersvik Quintet
- 11. mars: Svein Rikard Mathisen trio
- 7. april: Tanzano
- 22.april: Wenche Bruun Lien Kvartett
- 13.mai: Torun Eriksen med band
- 10.juni: Kobberstad Trio
- 9. september: Thomas Dahl & Court
- 16.september: Violet Green
- 30. september: Stord Musikklag/Breibandet BigBand

- 7. oktober: Jazzmiddag på Brygga 11
- 8. oktober: Flygeljazz i Kulturhuset, Storaas/Yttredal Duo, Svein Olav Herstad Trio
- 28. oktober: Tuning Expedition
- 30. november: «Til naturen», Terje Isungset Icemusic i samarbeid med Stord kulturskule
- 9. desember: Hognestad m/kvartett
- 29. desember: Stord Storband (sponsor)

Til saman har 17 ulike band vore engasjert i dei 16 konsertane som klubben har vore med og arrangert i 2017.

Styret ønskjer spesielt å nemne prosjektet «Til naturen» - eit samarbeid mellom Stord Jazzklubb og Stord kulturskule som, etter eit halv år med planlegging, munna ut i ein flott to-delt avslutningskonsert 30. november. Siste delen var ein timeslang presentasjon av det dei involverte unge elevane hadde arbeidd med gjennom hausten. Muskar og komponist Terje Isungset var hyrt inn til å leia det musikalske/pedagogiske arbeidet med ulike elevgrupper - til saman nærare 100 elevar frå Stord kulturskule. Webjørn Sæther, musikkpedagog ved kulturskolen, og profesjonell komponist/arrangør, tok hovudansvar for arbeidet med elevane, men og mange andre lærarar ved kulturskolen var involverte i prosjektet. Webjørn Sæther stod og ansvarleg for å arrangera Terje Isungset sin musikk slik at den høvde for dei elevane som tok del. Saman med Terje Isungset leia han, med stor suksess, elevdelen av avslutningskonserten.

Publikumsframmøte varierer ein god del på dei ulike konsertane. Det har vora alt frå ca 30 frammøte til om lag 400 (fulle hus i Stord kulturhus). I alt har klubben hatt 1051 betalande og 217 ikkje-betalande gjester på konsertane som me har produsert åleine. Dersom me inkluderer publikum frå 3 konsertar der klubben har vore medarrangør eller gitt tilskot, men ikkje hatt billettinntekter, så vil det totale antal publikumarar vera heile 1886 i 2017. I snitt har det vore ca 90 gjester på konsertane som klubben har arrangert i eigen regi.

Styret seier seg nøgd med gjennomsnittstala for frammøtt publikum, sjølv om ein skulle ønskt at det var fleire på dei dårlegast besøkte konsertane. Det er mange faktorar som spelar inn når det gjeld besøkstala. Styret har fokus både på konserttidspunkt, dvs både klokkeslett, vekedag, mogeleg kollisjon med andre arrangement samt rammene rundt sjølve konserten.

Det økonomiske resultatata på kvar enkelt konsert har svinga mykje i tråd med publikumsframmøte og utgifter knytt til konsertane.

Teknisk har konsertane fungert svært godt. Medlemmer av klubben har gjort lyd- og lyssetjinga delvis på dugnad. I den grad ein betalar for slike tenester, er dette svært symbolske summar - noko som bidrar positivt til økonomien på konsertane.

I 2017 vart det kjøpt inn nytt lysutstyr samt nye bannere som heng bak scenen. Dette gjer lokalet meir intimt og velegna som konsertarena. I 2018 planlegg ein å utvida scenen slik at muskarane får plass på denne – noko som vil bidra til betre utnytting av lokalet.

### **Medlemsverving**

Pr 31.12.2017 hadde Stord Jazzklubb 220 registrerte medlemmar. Dette er ein auke på 70 medlemmar siste året, noko som styret seier seg svært nøgd med. Klubben har drive medlemsverving



via heimeside og Facebook, men størstedelen av innmeldingane har kome på konsertane. Styret har eit ønske om at fleire medlemmar bedreg med dugnadsarbeid og vil såleis prøve å engasjera fleire til ulike arbeidsoppgåver, spesielt i samband med konsertarrangementa.

Klubben har i 2017 også fått nytt medlemsregister som medfører betre oversikt over medlemmene i klubben og status for betalt kontingent.

### **Marknadsføring**

Klubben har nytta fleire kanalar for å nå ut til medlemmane og potensielle publikummarar. Klubben har eiga heimeside som vart fornya i 2017. Klubben har nytta relativt store ressursar på annonsering av konsertane i lokalavisa Sunnhordland. Før konsertar har styret kalla inn til pressemøte noko som har gitt mange gode førehandsomtalar på i Sunnhordland, Stord24 og Stordnytt.

Styreleiar Olav Fjell representerte klubben på landsmøte i Norsk Jazzforum i Bergen 21.-23. april.

Styret takkar Jørund Fjøsne for dugnadsarbeid i samband med utforming av klubb- logo.

### **Økonomi**

Stord Jazzklubb har i 2017 fått kr 120.000,- i støtte frå Norsk Kulturråd. Frå Sparebanken Vest mottok klubben kr 10.000,- i støtte til prosjektet «Til naturen». Også Vestnorsk Jazzsenter og Norsk Jazzforum har ytt viktige tilskot til klubben.

Hovudsponsor for klubben er Haugaland Kraft der ein har ein 3- årig avtale. Andre sponsorar i 2017 har vore Grand Hotell, Spar Haga og Leirvik Elektro.

I løpet av 2017 har ein fått ordning med at besøkjande kan betale med Vipps.

Rekneskapan for 2017 er gjort opp med eit driftsoverskot på kr 17.444,36.

Styret vil takke alle som har vore med og bidrege, enten som frivillige, gratisarbeidande medlemmer av klubben, som publikum, som artistar og ikkje minst støttespelarar på det økonomiske området. Utan velvillige sponsorar og støtte frå offentlege institusjonar som Kulturrådet, Norsk Jazzforum, Vestnorsk Jazzforum og andre, vil det vera lite grunnlag for å tenkje seg ein levande jazzklubb som kan gi publikum nye og spennade musikalske opplevingar.

Styret meiner det er forsvarleg å halde fram drifta av Stord Jazzklubb.

Stord, 26. mars 2018

Styret for Stord Jazzklubb.